

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 28.5.2010  
**Stad:** Gol, Gol kommunehus

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## Desse møtte frå Regionrådet:

Torleif Dalseide,	Ål kommune
Halvard Lilleslett,	Hol kommune
Olav Støyten,	Hemsedal kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

## Desse møtte frå Rådmannsutvalet (sak 25 - 27 og 31)

Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Bjørgulv Noraberg,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Gabriel Johannessen,	Hemsedal kommune
Else Horge Asplin,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktar Laila Tryde og Dag Stenersen og regionkontakt Terje Moen

---

## SAK 24/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 19.3.2010

### Vedtak

Møteprotokoll 19.3.2010 vart vedteke.

## SAK 25/10 KORT INFORMASJON FRÅ HALLINGDAL REISELIV

Hallingdal Reiseliv ved styreleiar Ragnhild Kvernberg og dagleg leiar Gunn Eliassen orientere om status og arbeidet i Hallingdal Reiseliv, og vedtekne avtaler i forhold til kommunane.

I 2009 tok Hallingdal Reiseliv initiativ til møte med den einskilde kommune, m.a. for fornying av avtale som har vore uendra sidan 2005. Resultatet vart litt ulike avtalar, frå nye og auka satsar i 4 år, nye og auka satsar 1 år og gamle satsar 2 år.

Hallingdal Reiseliv ynskjer avtalar som kan gjelde for perioden 2011 – 2013, og vil utarbeide felles søknad, som og skal ha ei best mogeleg forankring i destinasjonsselskapa.

Presentasjon, vedlegg 1 til møtebok.

## SAK 26/10 ORIENTERING OM ARBEIDET MED "REGIONAL DELPLAN FOR UNIVERSSELL UTFORMING".

Eva Lill Kvisle, Buskerud fylkeskommune, orienterte om arbeidet med "Regional delplan for universell utforming", vedlagt presentasjon (vedlegg 2).

Planprogram vart fastsett av fylkesutvalget 21. april 2010 og planen er at fylkestinget skal handsame regional delplan i 2011. Fylkesutvalet vedtok 21.4.2010 vedlagt planprogram for regional delplan for universell utforming i Buskerud.

Arbeidet med den nye delplanen betyr at Buskerud fylkeskommunen satsar meir på universell utforming enn det som er kravet gjennom lovverket.

Sjå og:

<http://www.bfk.no/Modules/ThemeNews.aspx?Category.ID=1276&NewsID=1275,1276&ThemeID=4153&Category.ID=1275&Itemid=2283&ObjectType=Article&Article.ID=11541>

### **SAK 27/10 IKT HALLINGDAL, PROGRAMVARE SKULE**

Med bakgrunn i diskusjonar som har vore siste tida i forhold til IKT-samarbeidet i Hallingdal og val av programvare, var det ei orientering/drøfting. Det vart sett på som viktig at kommunane, tilsette og politikarar, får god og relevant informasjon om samarbeidet.

### **SAK 28/10 SØKNAD OM TILSKOT, ROVDYRSENER FLÅ**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver tilskot på inntil kr. 400.000 til forprosjekt for Rovdyrsenter i Vassfaret Bjørnepark, avgrensa til maks. 40% av forprosjektkostnadane.
2. Utbetaling av tilskot skjer etter nærare fastsette retningslinjer.
3. Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.
4. Prosjektet bør profilerast som eit regionalt prosjekt med ein klar Hallingdalsprofil.

### **SAK 29/10 BUSSKORT FOR UNGDOM I HALLINGDAL (UNGDOMSKORT)**

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ser positivt på oppmodinga frå Hallingdal ungdomsråd (HUR). På grunn av eit lite utbygd kollektivtilbod i Hallingdal meiner Regionrådet at ungdomskortet også må gjelde for ekspressbussruter (eks. Sogn- og Fjordane-ekspressen gjennom Hemsedal/Hallingdal) og på NSB sine kommersielle fjernruter på Bergensbanen. Målsettinga er at alle kollektivtilbod i Hallingdal og til/frå Hallingdal kan takast inn i eit felles ungdomskort.

Regionrådet for Hallingdal vil ta opp problemstillingane med Buskerud fylkeskommune, med tanke på å få til ei utvida og betre ordning, med ungdomskort for ungdom i Hallingdal.

### **SAK 30/10 ORIENTERING OM FRAMDRIFT HALLINGDAL UTVIKLING**

Saka vart utsett.

### **SAK 31/10 LABORATORIUM HALLINGDAL**

#### **Saksopplysning**

Eurofins AS har vedteke å legge ned sitt laboratorium på Gol. Historikken for felles laboratorium for Hallingdal kan kort oppsummerast slik:

- 1962: Gol offentlige kjøttkontroll blir etablert.
- 1962-1980: Dei øvrige kommunane i Hallingdal blir tilslutta Gol-kontoret, som tekr navnet Hallingdal offentlige kjøtt- og næringsmiddelkontroll.
- 1990: Namn blir endra til Næringsmiddeltilsynet for Hallingdal.
- 2004: Næringsmiddeltilsynet for Hallingdal blir overteke av staten og blir ein del av Mattilsynet. Laboratoriedelen blir overdratt til Buskerud Vann og Avløpssenter (BUVA AS) i Drammen.
- 2006: Aksjane i BUVA AS blir seld til det internasjonale laboratorieselskapet Eurofins, og lokalkontoret på Gol skiftar navn til Eurofins BUVA avd. Hallingdal.

For kommunane og næringslivet i Hallingdal er det viktig å sikre ei best mogeleg laboratoriedrift i framtida. Etter drøfting var det gjort slikt vedtak:

## Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal registrerar med bekymring at Eurofins AS vil leggje ned sitt laboratorium/avdelingskontor på Gol.
2. Følgjande arbeidsgruppe skal vurdere alternative løysingar for framtidige laboratorietenester for Hallingdal:
  - Gerd Eli Berge, Regionrådet for Hallingdal
  - Hege Mørk, Rådmannsutvalet
  - Knut Arne Gurigard, Regionrådet for Hallingdal
  - Representant frå Mattilsynet Distriktskontoret for Hallingdal
3. Regionrådet ber om at førebelse vurderingar kan leggjast fram på regionrådsmøte 25.6.2010

## **SAK 32/10    Eventuelt**

### Retura Val-Hal AS

Gerd Eli Berge skal møte på generalforsamling i Retura Val-Hal AS og ynskte ei drøfting. Regionrådet drøfta relevante problemstillingar i forhold til drift og organisering.

### Arbeidsinstitutt

I samband med Buskerud fylkesting sin spørjetime 28.4.2010 stilte Laila Tryde spørsmål om; Kva med utdanningstilbodet "til de som faller utenfor" i Hallingdal? M.a. ut frå at Hallingdal er den einaste regionen i Buskerud som ikkje har eit arbeidsinstitutt.

I svar som vart gjeve i Fylkestinget kom det fram at Buskerud fylkeskommune skal setja i gang eit eige prosjekt for å spreie arbeidsinstituttet sin metodikk. Prosjektet er og støtta frå kunnskapsdepartementet med 2 mill.kroner pr. år. I denne samanheng er også Hallingdal eit satsingsområde.

Regionrådet for Hallingdal ved dagleg leiar skal følgje opp med brev til Buskerud fylkeskommune for å klargjera korleis satsinga i Hallingdal er tenkt.

Ål 3.6.2010

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

### Vedlegg

1. Sak 25/10: Hallingdal Reiseliv, presentasjon
2. Sak 26/10: Regional delplan for universell utforming", presentasjon